



Tjødnalio skule  
STORD  
kommune



## Til dei faste medlemmene i FAU

Referat frå FAU-møte onsdag 10.11.2021 kl. 18.30.

Frammøtte: Tina Almås, Hilde Rydningen, Kjerstin Eriksen, Ann Kristin Valvatne, Kari Stautland, Geir Aasheim.

### SAKLISTE:

#### 1 SAMARBEIDSSOMRÅDE SKULEÅRET 2021/22

Me delte dei fram møtte opp i to grupper for å bli kjent og drøfta litt kva me vil jobba med dette året.

- innspel:

Kor mange som skal sitja i FAU, ein eller to frå kvart trinn? Etter drøfting kom me fram til at det bør vera to frå kvart trinn – det er tryggare og ein får betre diskusjonar. Det er lettare å dra i gong aktivitetar om ein er to. Det er òg mindre sårbart om ein er borte, då vil den andre ha kontinuiteten i sakene. Det er vanskeleg for vara å plutseleg steppa inn.

#### 2 VAL (Dei ulike råd og utvala står omtala på siste sida i innkallinga):

Det skal veljast:

Leiar

Nestleiar

Skrivar

1 representant til Kommunalt foreldreutval (KFU)

2 representantar til samarbeidsutvalet (SU)

3 representantar til skulemiljøutvalet (SMU) – Kan vera same som SU + 1

På grunn av stort fråfall valde me å utsetja valet til neste møte i FAU.

#### 3 Det må òg veljast nytt styre til å administrera kontoen til FAU.

Dette vert utsett til neste møte

#### 4 Møteplan: Me set opp ein plan for møter fram til jul.

Neste møte: 2. desember kl. 19

#### 5 YMSE

a. Foreldreundersøkinga – i veke 46-47. Alle skulane er oppmoda om å gjennomføra foreldreundersøkinga. For at svara skal vera pålitelege, treng me størst mogleg deltaking frå føresette. Me lokkar med premie til klassen med best deltaking.

b. Marco Elsafadi Måndag 24 januar 2022

- 6 Trafikksikringsplan for Stord kommune ute på høring. Lenkje til trafikksikringsplanen:  
<file:///C:/Users/2467/Downloads/Trafikksikringsplan-2021-2025-Hoyringsdokument.pdf>

Tjødnalio skule står omtala i vedlegget til trafikksikringsplanen:

Tabell 11.3.1; Oversikt Ts-tiltak ved skulane

Oversikt trafikksikringstiltak ved skulane				
Pri.	Skule	Trafikale forhold	Føreslege tiltak	Merknad/Planstatus
*1	<b>Tjødnalio skule</b> (innspel nr. 45 og TS-plangruppa)	Trafikkarealet framfor skulen og barnehagen er ikkje tilfredsstillande. Blanda trafikk; gåande, syklende, privatbilar og bussar utgjer for høg TS-risiko. KV 1181.	Smal veg fram til snuplass/droppsoner. må utvidast. Generelt; Konseptet Hjartesoner/droppsoner må planleggjast og etablerast.	Det føreligg eldre reguleringsplan for skulen. Oppgradering trafikkkarealet krev truleg ikkje reguleringsplan.

Skrivar,  
 Kristine Vikanes

## FAU 2021-2022

	FAU	Vara
<b>1. trinn</b>	Alice Steyn Tina Almås	Monica Wathne Annemari Thoresen Arneberget
<b>2. trinn</b>	Kristine Holm Nilsen FAU Kjersti Vik Monsen Sosial	Turid Vallestad (vara FAU) Stine Alsaker (vara sosial)
<b>3. trinn</b>	Lillian Logie Hilde Rydningen	Kjerstin Eriksen Camilla Akselsen
<b>4. trinn</b>	Ann Kristin Valvatne Elin Kvernenes	Åshild Leth Vegar Lønnheim
<b>5. trinn</b>	Tabita Scholz Rises Maria Grande	Vivian Kvernenes Tor Gunnar Bakke
<b>6. trinn</b>	Kari Stautland Geir/Kathrine Aasheim	
<b>7. trinn</b>	Tabita S. Rises Carina M. Fylkesnes	Vivian Kvernenes Anjur Smakiqi

## Oppgåvene til dei ulike organa

### **Foreldrerådet - FAU**

Alle foreldre som har barn ved skolen, er automatisk medlemmer av foreldrerådet.

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som fungerer som eit «styre» for foreldrerådet (oppl. § 11-4).

FAU vel medlemmer til SU og SMU.

Oppgåver for FAU.

- Jobba for eit godt skulemiljø
- Ta initiativ til sosiale aktivitetar for elevane
- Informera og høyra alle foreldre i aktuelle saker
- Skapa kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet

### **Samarbeidsutvalet (SU) / Driftsstyre**

Ved kvar grunnskule skal det vera eit samarbeidsutval (SU) eller driftsstyre som er skulen sitt øvste samarbeidsorgan.

SU har rett til å uttala seg i alle saker som gjelder skulen. (oppl. § 11-1)

- Forslag til budsjett
- Verksemds- og utviklingsplanar for skolen
- Plan for heim-skule-samarbeid
- Ordensreglement
- Trafikkforhold og korleis skulevegen kan sikrast
- Planar for ombygging og vedlikehald av skuleanlegg

### **Skulemiljøutval (SMU)**

Ved kvar skule skal det vera eit skulemiljøutval.

I SMU skal elevane, foreldra, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen være representert.

Elevane og foreldra skal være i fleirtal.

SU kan sjølv være SMU, og må då setjast saman slik at føresette og elevane til saman har fleirtall (oppl. §§ 11-1a og 11-5a).

SMU kan:

- Be skulen om konkrete tiltak for å betre skulemiljøet
- Handsama brukarundersøkingar og sjå kva som kan bli betre på skulen ut frå svara som har kome inn.